I vurderinga av kvart einskild kriterium, vert det teke utgangspunkt i om den spesifikke vara eller teknologien som er søkt eksportert i seg sjølv kan nyttast til uakseptable militære aktivitetar. Dette kan til dømes vere risiko for at utstyret kan vere meint for intern undertrykking, nytta til å krenkje grunnleggjande menneskerettar, eller nytta til å gjere seg skuldig i alvorlege brot på internasjonal humanitærrett. I slike vurderingar kan departementet trekkje på eigne landvurderingar og på informasjon frå ei rekkje kjelder, til dømes frå anerkjende organisasjonar som FN, Amnesty International, Human Rights Watch. I tillegg vert informasjon utveksla innanfor Noregs samarbeid med EU om eksportkontroll og frå dei internasjonale eksportkontrollregima nytta.

I Meld. St. 8 (2011–2012), Meld. St. 49 (2012–2013), Meld. St. 8 (2014–2015) og Meld. St. 8 (2015–2016) vart det gjort greie for arbeidet til departementet med å styrkje retningslinene. I Meld. St. 26 (2018–2019) vart det gjort grundig greie for vurderingane til departementet knytt til retningslinene, og dessutan om arbeidet med eit tydelegare regelverk. I Meld. St. 35 (2020–2021) vart arbeidet med landklareringar og hand-saminga av konkrete lisenssøknadar nøye omtala.

5.2 Eksport av delar og komponentar

Noregs forsvarsindustri er høgteknologisk og famnar heile system, undersystem, delar og komponentar. Fleire norske verksemder framstiller nisjeprodukt.

Det er brei politisk semje om betydninga av å ha ein robust forsvarsindustri som mogleggjer samarbeid både om utvikling og produksjon av materiell for å sikre vår eigen, allierte og nærstående lands forsvarsevne. Regjeringa ser det som viktig å sikre at forsvarsindustrien får mest moglege føreseielege og langsiktige rammevilkår. Dette er sentralt for å kunne delta i internasjonale prosjekt om utvikling og produksjon av materiell. På denne måten vil vi bidra til eit føreseieleg materiellsamarbeid med allierte land, vareta kompetanse, utvikle ny teknologi og sikre arbeidsplassar. Omsynet til Noregs og allierte lands forsvarsevne var avgjerande i utarbeidinga av delleveransekonseptet i retningslinene i 1992. Alliert materiellsamarbeid er viktig for vår tryggleik og forsvarsevne.

Delleveransar under ein samarbeidsavtale

Kapittel 6 til retningslinene gjev rettleiing for delleveransar, og legg til rette for at verksemder kan

eksportere delar og komponentar innanfor ramma av bestemte vilkår.

Med delleveranse siktar ein til leveransar av varer som ikkje har nokon sjølvstendig funksjon. Slike delar inngår som oftast i større militære system, til dømes missil, ubåtar eller kampfly.

Ei norsk verksemd kan inngå ein samarbeidsavtale med ei verksemd eller styresmakter i andre land. Avtalen må vise tydeleg kva delar og komponentar som vert omfatta av avtalen og kva for eit endeleg produkt delane skal inngå i.

Samarbeidsavtalar om leveransar av delar *utan nokon sjølvstendig funksjon* vil normalt godkjennast når:

- Dei norske delane, delsystemet eller komponentane vert samordna med delar frå andre leveringskjelder;
- Det ferdige produktet ikkje framstår som norsk.

Når desse vilkåra er oppfylte, kan ein avstå frå kravet om dokumentasjon for sluttbruk av det ferdige produktet. Dette inneber at landet som eig det ferdige produktet kan eksportere dette på grunnlag av deira nasjonale eksportkontrollreglar.

Konseptet, med at delar og komponentar utan sjølvstendig funksjon eksportert under styresmaktsgodkjente samarbeidsavtalar, gjer det mogleg for norske verksemder å delta i materiellsamarbeid med einskilde allierte land om våpensystema deira når hovudføremålet med det aktuelle våpensystemet er å sikre allierte lands forsvarsevne. Det er samstundes ein realitet at landet som produserer og eig eit slikt våpensystem kan eksportere dette våpenet til andre land i samsvar med deira nasjonale eksportkontrollsystem.

I situasjonar der det likevel dreier seg om delar med ein sjølvstendig funksjon, eller overføring av teknologi for produksjon av norsk materiell til eit anna land, vil norsk eksportkontrollregelverk gjelde.

Delleveransar utan samarbeidsavtale

Når det gjeld delleveransar som ikkje inngår i ein samarbeidsavtale godkjent av Utanriksdepartementet, og dei nemnde vilkåra ovanfor ikkje er oppfylte, skal slike leveransar handsamast som det endelege sluttproduktet. Dette betyr i praksis at delar til eit utanlandsk våpensystem der det ikkje ligg føre ein styresmaktsgodkjent samarbeidsavtale, skal handsamast etter reglane for eksport av materiell i varekategori A.

Overføring av teknologi under samarbeidsavtalar


Retningslinene gjev tydelege reglar om eksport av teknologi under ein samarbeidsavtale. Med teknologi siktar ein her til innsikt som er avgjerande for å utvikle, produsere, halde ved like eller bruke ei vare. Teknologi omfattar mellom anna produksjonsrettar og tekniske data. Søkningar om overføring av produksjonsrettar skal handsamast med sikte på å sikre at overføringa ikkje har som føremål å omgå norsk eksportregulering.

Ved eksport av teknologi som inngår i samarbeidsavtalar med verksemdar eller styresmakter i andre land, skal lisens innvilgast såframt avtalen er godkjent av Utenriksdepartementet. For å kunne godkjenne ein slik samarbeidsavtale, må det godtgjerast at overføringa ikkje har som føremål å omgå norsk eksportregulering. I praksis inneber dette at det ikkje kan gjevast eksportlisens for produksjon av eit norsk våpen i utlandet, utan at det vert stilt vilkår om sluttbruk og sluttbrukar.

Ei teknologioverføring vert samstundes vurdert opp mot Stortingets 1959-vedtak og kriteria og føresegnene i retningslinene. På denne måten vil ei overføring av produksjonsteknologi frå Noreg for produksjon av eit norsk våpen i utlandet vere underlagd norsk eksportkontroll. Derimot vil norsk eksportkontroll ikkje komme til bruk dersom ei norsk verksemd kjøper opp eit utanlandsk verksemd som produserer militært materiell som er eigd av landet verksemda er etablert i. Dette vil framleis vere utanlandsk materiell, og underlagt eksportkontrollen i produksjonslandet.

5.3 Stortingets vedtak om eksport av forsvarsmateriell

Spørsmålet om kven vi skal eksportere våpen til har alltid vore oppe til debatt. Våpeneksport er integrert i dei nasjonale tryggingpolitiske interessene i eksportlandet, og dimed underlagt suvereniteten til eksportlandet. Den globale tryggingss-



Figur 5.4 Illustrasjon over Stortingets vedtak om eksport av forsvarsmateriell



Figur 5.5 Statsminister Einar Gerhardsen i februar 1959.

Foto: Leif Ørnelund / Oslo Museum

politiske utviklinga påverkar lands våpeneksportpolitikk. Dette viser seg tydeleg i utviklinga av Noregs politikk på dette området, basert på Stortingets vedtak og føresetnader, og dessutan utviklinga i internasjonale og regionale samarbeid Noreg deltek i. Samstundes har det gjennom dei siste åra vakse fram eit større internasjonalt samarbeid òg når det gjeld våpeneksport, både innanfor FN, EU og dei internasjonale eksportkontrollregima.

Stortingets vedtak

I 1933 erklærte Paraguay krig mot Bolivia. Noreg slutta seg året etter til Folkeforbundets våpenembargo overfor dei to landa. Samstundes valde norske styresmakter å godkjenne sal av mange artilleriskot til Bolivia. Dette vart mellom anna grunngeve med kontraktsplikter inngått forut for Folkeforbundets våpenembargo. Noregs føresetnad for tilslutning var effektiv etterleving av embargoen, noko som ikkje vart tilfelle då ei rekkje statar heldt fram med å eksportere ammunisjon til Bolivia. Eksporten til Bolivia skapte stor debatt og i kjølvatnet av kritikken som følgde vedtok Stortinget i 1935 at:

- «1. Eksport av våben og ammunisjon må kun tillates til land som ikke befinner seg i borgerkrig eller krig med mindre denne av Folkeforbundets kompetente organer er erklært for legal forsvarskrig.
2. Eksport av våben og ammunisjon må alene foregå til legale regjeringer.»¹

I 1958 godkjente regjeringa eksport av ammunisjon og handgranatar til Cuba. Før varene kom til landet hadde Cubas tidlegare president Batista vorte styrta av Fidel Castro. Eksporten vekte stor oppsikt i Noreg, og ein fekk ein debatt om eksporten var i tråd med stortingsvedtaket av 1935.

I debatten i Stortinget 11. mars 1959 erklærte statsminister Gerhardsen på regjeringas vegner at:

«De prinsipielle retningslinjer som kommer til uttrykk i vedtaket (av 1935), svarer til de

¹ Innst. S. nr. 80. Innstilling fra den forsterkede utenriks- og konstitusjonskomite om forbud mot utførsel av våben og ammunisjon og annet krigsmateriell til Bolivia og Paraguay samt eksport av våben og ammunisjon fra de militære fabrikker i sin alminnelighet (St.meld. nr 16 og nr. 24 – 1935.)

retningslinjer Regjeringa har søkt å følge. Når det gjelder den framtidige behandlingen av slike saker, kan jeg på Regjeringens vegne erklære at den vil holde seg nøye til de prinsipielle retningslinjer som hittil vanligvis har vært fulgt ved utstedelse av eksporttillatelse for våpen og ammunisjon.

Det skal ved avgjørelsen legges vekt på dei utenrikspolitiske vurderinger, og hovedsynspunktet bør være at Norge ikke vil tillate salg av våpen og ammunisjon til områder hvor det er krig eller krig truer, eller til land hvor det er borgerkrig».²

Same dato vedtok Stortinget følgjande:

«Stortinget tar til etterretning den erklæring statsministeren på Regjeringens vegne har lagt fram. Stortinget vil sterkt understreke det prinsipp at eksport av våpen og ammunisjon fra Norge bare må skje etter en omhyggelig vurdering av de uten- og innenrikspolitiske forhold i vedkommende område. Denne vurdering må etter Stortingets mening være avgjørende for om eksport skal finne sted».³

På bakgrunn av krigen i Vietnam sette representanten Finn Gustavsen i 1967 fram forslag om å stadfeste eit forbod mot eksport av våpen og ammunisjon til land som er i krig eller borgarkrig.

I innstillinga frå utanriks- og konstitusjonskomiteen om forslaget i 1967 kjem det m.a. fram at:

«Storingsvedtaket av 1959 tar etter komiteens oppfatning ikke sikte på å regulere forhold som står i forbindelse med vår egen forsvars- og sikkerhetspolitikk, men berører bare kommersiell våpeneksport. Utførsel og innførsel av våpen som finner sted i forbindelse med planer trukket opp i NATOs forsvarsorganisasjon og som er godtatt av Norge eller som er basert i våpenhjelpavtaler mellom Norge og noen av NATOs andre medlemsland, faller derfor uten-

for de forhold som Stortingets vedtak tar sikte på å gi regler for. Derimot må det etter komiteens mening naturligvis gjelde fullt ut for annen våpenutførsel til NATO-land».⁴

Vidare slutta Stortinget seg i 1997 samrøystes til ei presisering av 1959-vedtaket. Dette gjaldt betydninga av demokratiske rettar og respekten for grunnleggjande menneskerettar i vurdering av dei utan- og innanrikspolitiske forhold i vedkommande land.

Historikken viser at det berande prinsippet må vere dei omsyna som til ei kvar tid speglar Noregs utanriks- og tryggingpolitiske interesser. Situasjonen vi står i er ein vedvarande krig i Ukraina. Vi veit ikkje kva dei langsiktige konsekvensane av Russlands folkerettsstridige invasjon vert. Vi ser at krigen har endra det tryggingpolitiske landskapet i overskødeleg framtid og påverkar norsk sikkerheitspolitikk.

Kontrollen med eksport av forsvarsmateriell skal framleis skje innanfor strenge og ansvarlege rammer. Samstundes skal regjeringa ta naudsynte politiske avgjerder når det gjeld sentrale utanriks- og tryggingpolitiske interesser.

5.4 Noregs støtte til Ukraina

Regjeringa la 2. februar 2024 fram ei eiga stortingsmelding, Meld. St. 8 (2023–2024) om Nansen-programmet, som gjev ei oversikt over både den militære og sivile støtta frå Noreg til Ukraina. Nansen-programmet for Ukraina er det største støtteprogrammet til eit land i krig i Noregs historie. Støtta er på 75 milliardar kroner i militær og sivil støtte for perioden 2023–2027. Nansen-programmet er basert på ein politisk avtale med alle parti på Stortinget. Meld. St. 8 (2023–2024) gjer greie for Nansen-programmet og Noregs støtte til Ukraina. Norsk støtte skal vere effektiv, langsiktig og målretta.

5.4.1 Om eksport av forsvarsmateriell til Ukraina

Følgjande gjeld for eksport til Ukraina:

- Det er tillate med donasjonar av forsvarsmateriell til Ukraina.

² Referat frå møte i Stortingssalen 11. mars 1959: Forslag om beklagelse av våpeneksport til Cuba. Stortinget.no: https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Storingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1959&paid=7&wid=a&psid=DIVL603&pgid=a_0908, bl.a. s 794.

³ Referat frå møte i Stortingssalen 11. mars 1959: Forslag om beklagelse av våpeneksport til Cuba. Stortinget.no: https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Storingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1959&paid=7&wid=a&psid=DIVL603&pgid=a_0908, s 794, 798.

⁴ Innst. S. nr. 35 – 1967–68. Innstilling frå utanriks- og konstitusjonskomiteen om forslag frå representant Finn Gustavsen lagt fram i Stortingets møte 13. oktober 1967.



Figur 5.6 Donasjonar av M72-raketar til Ukraina.

Foto: Torbjørn Kjosvold / Forsvaret

- Det er tillate med direktesal av forsvarsmateriell frå norske verksemder til ukrainske styresmakter.
- Det er tillate for norske verksemder å overføre teknologi og innleie industrisamarbeid med ukrainske verksemder, såframte ukrainske styresmakter er sluttbrukar.
- Det er tillate med eksport av fleirbruksvarer til sivil og militær bruk.
- Det er tillate med eksport av sivile varer til militær sluttbruk.
- Verneutstyr som vert teke med for eige personleg bruk i Ukraina krev ikkje lisens frå UD.

Døme på norsk støtte er stadig meir avanserte donasjonar av materiell frå eigne beholdningar og donasjonar av materiell skaffa gjennom internasjonalt samarbeid og fondsmekanismar. I tillegg kjem donasjonar av materiell skaffa direkte frå forsvarsindustrien og dessutan trening og opplæring av ukrainsk personell.

Regjeringa har elles vedteke å tillate direktesal av forsvarsmateriell frå norske verksemder til styresmaktene i Ukraina. Avgjerda tredde i kraft 1. januar 2024. Ved handsaminga av Meld. St. 8 (2023–2024) om Nansen-programmet for Ukraina, kor avgjerda er omtalt, støtta Stortinget avgjerda om å tillate direktesal av forsvarsmateriell til

ukrainske styresmakter. Regjeringa tillét òg at norske verksemder overfører teknologi og innleier industrisamarbeid med ukrainske verksemder, så framte ukrainske styresmakter er sluttbrukar.

Regjeringa er oppteken av at Noreg skal gje langsiktig og effektiv våpenstøtte til Ukrainas legitime forsvarskamp, basert på ukrainske behov. Då er det viktig at ukrainske styresmakter får høve til å kjøpe det forsvarsmateriellet dei har behov for. Donasjonar åleine er ikkje lenger tilstrekkeleg. Dei praktiske skilnadene mellom Noregs militære støtte hittil og direktesal av forsvarsmateriell er samstundes avgrensa.

Det at regjeringa har opna for direktesal til Ukraina betyr ikkje at ein på generelt grunnlag vert tillét direktesal av forsvarsmateriell til land i krig. Regjeringas avgjerd gjeld for Ukraina og er grunngeve i den heilt ekstraordinære tryggingpolitiske situasjonen vi står i, saman med forbundsfellane våre. Noreg vil halde fram med å gje betydeleg militær støtte til Ukraina i tråd med Nansen-programmet. Totalt har Noreg gjeve om lag 11 milliardar kroner i militær støtte i 2023.

Endringa inneber at norske forsvarsverksemder kan søkje Utanriksdepartementet om eksportlisens for direktesal av forsvarsmateriell til Ukraina, under føresetnad av at eksporten mellom anna møter krav til stadfesta behov og sluttbrukarkontroll.

Utanriksdepartementet samarbeider med Forsvarsdepartementet om å gjere vurderingar av alle søknadar om eksportlisens til Ukraina, etter følgjande kriterium:

- Direktesal av forsvarsmateriell kan berre skje til ukrainske styresmakter.
- Det må liggje føre dokumentasjon og styresmaktsforsikringar om sluttbruk og sluttbrukar, og dessutan reeksportklausul.
- Transport og overlevering av forsvarsmateriell skal berre skje via sikre og etablerte logistikkruter.
- Søknadar vert vurderte i tråd med norsk eksportkontrollregelverk og Noregs folkerettslege forpliktingar, herunder Våpenhandelsavtalen (Arms Trade Treaty).

6 Utanriksdepartementets oppgåver og nasjonalt samarbeid om eksportkontroll

Utanriksdepartementets oppgåver som styresmakt for den strategiske eksportkontrollen i Noreg omfattar politikktutvikling og regelverksutvikling. Norsk politikk og styresmaktsutøving må til ei kvar tid tilpassast det nasjonale, regionale og globale tryggingbiletet. Utanriksdepartementets oppgåver inkluderer utvikling av norsk eksportkontrollpolitikk, å fremje norske interesser i eit omfattande multilateralt samarbeid, rettleiing og informasjonsverksemd overfor forsvarsindustrien, næringslivet og academia, rapportering om eksport i den årlege meldinga til Stortinget, og handheving av eksportkontroll- og sanksjonsregelverket. Ei av hovudoppgåve er den vesentlege forvaltningsoppgåva knytt til hand-saming av søknadar om eksportlisensar. Departementet er i tillegg ansvarleg for gjennomføring av

folkerettsleg bindande sanksjonsregimer vedtekne i Tryggingrådet i FN og for restriktive tiltak frå EU som Noreg har slutta seg til.

For Utanriksdepartementet medfører det samansette og dynamiske tryggingbiletet ein auke i talet på lisenssøknadar, og vurderingane har vorte stadig meir komplekse. Organiseringa og dimensjoneringa av eksportkontrollarbeidet har måtta tilpasse seg desse utfordringane. Dette førte til at regjeringa i 2023 vedtok å etablere eit eige direktorat for å vareta den operative eksportkontrollen på ein best mogleg måte. Skipinga av Direktoratet for eksportkontroll og sanksjonar (DEKSA) er omtalt i kapittel 3 til meldinga.

Ved skipinga av DEKSA vil regjeringa sikre at eksportkontrollarbeidet er dimensjonert rett og har naudsynt kompetanse, tilstrekkelege ressur-



Figur 6.1 Utanriksdepartementet er ansvarleg styresmakt for eksportkontrollen i Noreg.

Foto: Ingeborg Gløppen Johnsen /Utanriksdepartementet



Figur 6.2 Statssekretær Eivind Vad Petersson på det årlege informasjonsseminaret om eksportkontroll.

Foto: Utenriksdepartementet

sar og organisering for å kunne vareta oppgåvene på eit område med stor saksmengd og betydning for norske utanriks- og tryggingpolitiske interesser, og dessutan for næringslivet og kunnskapssektoren.

Utøving av forvaltningsoppgåvene, særleg lisensarbeidet, er avhengig av spesialisert og teknisk ekspertise og tilstrekkelege ressursar for å sikre at norske verksemder får lisenssøknadene sine handsama på ein trygg og tidsmessig måte. Dette handlar både om norsk omdømme som teknologileverandør og om konkurransefortrinn. Det er eit mål at søknadar og informasjonsbehov frå verksemder og academia vert handsama effektivt og kompetent, og i tråd med Stortingets føresetnader og dei internasjonale pliktene våre. Det er avgjerande å sikre juridisk-, tryggingpolitisk-, eksportkontrollfagleg og teknisk kompetanse og dessutan solide og oppdaterte regelverk. Utenriksdepartementet samarbeider tett med partane i det nasjonale arbeidet om eksportkontroll. I kapittel 6.2. i meldinga vert det gjort nærmare greie for samarbeidet.

Ei prioritert oppgåve for Utenriksdepartementet er informasjonsverksemd overfor næringslivet og academia. Det vert lagt stor vekt på å sikre tilgjengelegheita til departementet og nær kontakt med eksportverksemdene og kunnskapssektoren om både konkrete eksportsaker og for rettleiing om eksportkontrollregelverket. God og jamleg kontakt trengst for at departementet skal få naudsynt oversikt over norske teknologimiljø, norsk teknologiutvikling og viktige næringsinteresser. Både eit kompetent styresmaktsapparat, og ei absolutt teieplikt om konkrete saker, er avgjerande.

Riksrevisjonens undersøking av arbeidet til styresmaktene med strategisk eksportkontroll vart lagd fram i februar 2021. Utenriksdepartementet følgjer opp arbeidet med tiltak i samsvar med tilrådingane frå undersøkinga, m.a. gjennomgang av eldre landklareringar, styrkt systematikk for kvalitetssikring av lisensvilkår, full revisjon av rutinar og dessutan styrkt dokumentasjon av vurderingar i sakshandsaminga. Meld. St. 14 (2021–2022) gjer greie for bruken og vidareutvikling av søknads- og sakshandsamingssystemet E-lisens. Det vart gjort grundig greie for Utenriksdepartementets oppgåver i Meld. St. 8 (2015–2016).

6.1 Utenriksdepartementets kontroll med eksport av fleirbruksvarer

Fleirbruksvarer er varer som opphavleg er utvikla for sivil bruk, men som kan ha viktige militære bruksmåtar, til dømes i aktivitetar knytt til masseødeleggingsvåpen og leveringsmidlar for slike våpen.

Kontrollen med eksport av fleirbruksvarer bidreg til å hindre spreing av masseødeleggingsvåpen og leveringsmidlar for slike våpen. Gjennom nasjonal gjennomføring av kontrollen, støttar Noreg òg opp under internasjonale ikkje-spreingsinstrument. Somme land jobbar med å skaffe seg avansert teknologi og kunnskap gjennom fordelte metodar for å utvikle og styrkje den militære kapasiteten sin. Fleire land og regionar representerer ei utfordring når det gjeld eksport av norske fleirbruksvarer og sensitiv teknologi. Dette er òg noko EOS-tenestene skildrar i sine årlege, ugraderte trussel- og risikovurderingar.

Fleirbruksvarer er skildra i lista til eksportkontrollforskriftas vedlegg II (Liste II). Lista består av fleirbruksvarelistene som er forhandla fram i dei internasjonale eksportkontrollregima som Noreg er medlem av, og som EU har samanstilt til ei felles og brukarvennleg liste.

Boks 6.1 Døme på fleirbruksvarer

- Avanserte droner
- Kjernefysisk teknologi
- Radarar og laserar
- Sjukdomsframkallande bakteriar og virus
- Utstyr for sterk kryptering
- Undervasssteknologi

Innanfor eksportkontrollregima, deltek norske styresmakter i løpande forhandlingar innanfor tekniske ekspertgrupper om nye teknologiar og oppdatering av kontrollistene. EUs fleirbrukvaresliste, og dimed den norske Liste II, vert oppdatert i tråd med endringane som er vedtekne i dei ulike regima.

Innenfor eksportkontrollregima vert det utveksla informasjon om spreingstrendar og anskaffingsforsøk, framveksande teknologiar, og dessutan relevante nasjonale avslag på lisensøknadar. Dette er informasjon som skal takast omsyn til i lisensvurderingane til dei einskilde medlemslanda. Dersom eit land har delt informasjon om eit lisensavslag er det ein føresetnad at andre medlemsland avslår tilsvarende lisensøknadar til den same mottakaren. «No undercut»-prinsippet skal bidra til å førebyggje leveransar til bruk i aktivitetar knytt til masseødeleggingsvåpen, og hindre kommersiell undergraving mellom verksemdar i medlemslanda.

Å kontrollere eksporten av fleirbruksvarer er eit omfattande arbeid. Handsaminga av lisensøknadar krev samansett kompetanse og grundige risikovurderingar. Det er ikkje mogleg å gje same føreseielegheit om høve til å få lisens for fleirbruksvarer som ved eksport av forsvarsmateriell då sistnemnte baserer seg på nasjonal sikkerheitspolitikk og er underlagt nasjonalt skjønn. Handsaming av søknadar om eksport av fleirbruksvarer kan i mange tilfelle ta lengre tid enn handsaming av søknadar som gjeld forsvarsmateriell då kontrollen inneber andre risikovurderingar og behov for innhenting av informasjon.

Departementet strever etter å ha rask saksandsaming, effektiv kommunikasjon med søkjar i prosessen, og tydeleg praksis. Legitim handel skal ikkje hindrast unødig. Dersom det vert vurdert i ein lisensøknad at det aktuelle salet berre er for sivil sluttbruk, skal lisens innvilgast.

Kontroll med digital overvakingsteknologi står høgt på dagsorden internasjonalt. Noreg deltek

aktivt i dette arbeidet. Fleire overvakingsteknologiar er allereie omfatta av kontrollistene. I tillegg ser Noreg hen til EUs arbeid med kontroll av ikkje-listeført overvakingsutstyr i samband med vårt eige arbeid. Noreg har slutta seg til eit amerikansk initiativ om ein åtferdskodeks knytt til å styrkje kontroll med overvakingsteknologiar av omsynet til demokrati og førebyggje brot på menneskerettar. Kodeksen vart annonsert 30. mars 2023 med tilslutning av Noreg og 20 andre statar.

6.2 Det nasjonale samarbeidet om eksportkontroll

Det nasjonale samarbeidet om eksportkontroll består av eit tett operativt samarbeid mellom Utanriksdepartementet, PST, Tolletaten og Etterretningstenesta. PST er gjennom politiloven ansvarleg for å førebyggje og etterforske brot på eksportkontrollregelverket. Tolletaten er ansvarleg for vare- og dokumentkontroll ved eksport. Etterretningstenesta har gjennom etterretningstenesteloven lovpålagde oppgåver knytt til eksportkontroll og ikkje-spreiing. Saman gjev partane i det nasjonale samarbeidet viktig avgjerdsstøtte til kontrollen med eksport av forsvarsmateriell og fleirbruksvarer, både i ein-skildsaker og for situasjonsforståing knytt til aktørar, hendingar og spreingstrendar.

Departementet trekkjer ved behov på ekspertise frå Forsvarets forskingsinstitutt (FFI) og Direktoratet for strålevern og atomtryggleik (DSA).

Riksrevisjonens rapport frå 2021 påpeikar at det nasjonale samarbeidet om eksportkontroll og ikkje-spreiing er godt, men at det er naudsynt å styrkje informasjonsutvekslinga mellom partane. Utanriksdepartementet held fram med å leggje stor vekt på arbeidet med å styrkje og vidareutvikle det nasjonale samarbeidet om eksportkontroll. Stort sakstilfang og kompleksitet i vurderingane som må gjennomførast understrekar behovet for eit tett samarbeid med PST, Tolletaten og Etterretningstenesta, og eit strategisk samarbeid med dei ansvarlege departementa. Etatane samarbeider med departementet om utvalde saker i Operativ eksportkontrollgruppe (OEG) der føremålet er å gje departementet avgjerdsstøtte.

Partane opplever samarbeidet som godt og effektivt, og understrekar at det er viktig at OEG har eit breitt mandat for høve til å møte komplekse informasjonsbehov og følgje utvikling på eksportkontrollfeltet, til dømes knytt til framvek-

sande teknologiar og ei styrking av rettleiingsfunksjonar overfor næringsliv og akademia.

Det er naudsynt at alle dei involverte nasjonale aktørane prioriterer arbeidet med eksportkontroll, og at desse har tilstrekkelege ressursar og kompetanse for å kunne støtte opp om ein ansvarleg eksportkontroll og førebyggje spreiging av masseødeleggingsvåpen, og at regelverket som regulerer arbeidet er oppdatert.

Fleire norske verksemdar utviklar eller produserer strategiske varer og teknologi som er etterspurd av land det er knytt bekymring til med tanke på mogleg utvikling av masseødeleggingsvåpen, eller til andre uønskte militære føremål.

PST og Etterretningstenestas opne trusselvurderingar slår fast at norske verksemdar vert utsette for fordekte anskaffingsforsøk. Det er ei viktig oppgåve for styresmaktene å bidra til auka vaktsemd blant norske verksemdar. Det nasjonale samarbeidet spelar ei avgjerande rolle for å sikre ei ansvarleg gjennomføring av kontrolloppgåvene, og dessutan etterleving av Noregs internasjonale forpliktingar på området. I denne samanhengen er det naudsynt at PST, Tolletaten, Etterretningstenesta, FFI og DSA deltek i relevante ekspertmøte i det internasjonale eksportkontrollsam- arbeidet.

7 Kontroll av kunnskapsoverføring

Eksportkontroll omfattar kontroll med kunnskap som kan nyttast i masseødeleggingsvåpen og leveringsmidlane deira og konvensjonelle våpen.

Tida der vi berre sende varer fysisk over grensene er forbi. No handlar det om teknologi som vert sendt og delt munnleg, digitalt, i form av teikningar eller i skrift. Eit utviklingstrekk er at fleire land vi ikkje har tryggingssamarbeid med søker kunnskap relevant for eigne militære system og kapasitetar frå norske teknologimiljø. Utviklinga er omtalt av både PST og Etterretningstenesta i deira årlege ugraderte trusselvurderingar. Nærstående land opplever den same utfordringa. Internasjonalt og i internasjonale forum drøftar ein korleis betre målrette og styrkje kontrollen på dette området.

Departementet har erfart eit auka medvit i universitets- og høgareutdanningssektoren knytt til eksportkontroll. Fleire universitet har teke aktive grep og etablert forsterka kontrollsystem, og dessutan rutinar for å sikre etterleving. Det å ha kontroll på strategisk teknologi, kunnskap og forskning er ein viktig del av vår forsvars- og sikkerheitspolitikk. I dette ligg det ei erkjenning av at tryggingspolitiske omsyn kan vege tyngre enn akademisk fridom i einskilde saker.

Sjølv om Noreg har eit kontrollregime for dette, har regjeringa vedteke å styrkje kontrollen, for å svare på nye utfordringar. Vi skal gjere det tydelegare når ein til dømes må søkje om ein lisens eller ikkje. Departementet meiner at det er viktig å utforme ein kontroll som liknar på den som går føre seg i likesinna land, og som dei praktiserer i møte med Noreg. Ferdigstilling av forskriftsendringane er venta tidleg 2025, og vil skje samstundes med etableringa av Direktorat for

Boks 7.1 Straffesak om kunnskapsoverføring

- Borgarting lagmannsrett avsa 8. desember 2023 dom i straffesak om kunnskapsoverføring
- Ein tidlegare professor ved eit norsk universitet var tiltalt for brot på eksportkontrollregelverket og sanksjonsregelverket mot Iran, i tillegg til datainnbrot.
- Professoren var tiltalt for å ha ytt tenester og teknisk hjelp til fire iranske gjesteforskarar knytt til teknologi som krev eksportløyve frå Utanriksdepartementet.
- Den tiltalte blei frikjend på alle tiltalepunkt. Dommen er rettskraftig.

Saksnummer: 23-040228ast-borg/02. Informasjon henta frå samandrag i av saka på Lovdata.no.

eksportkontroll og sanksjonar (DEKSA). Direktoratet skal rustast for ei saksmengd som aukar i omfang og kompleksitet, og vil ha fleire ressursar knytt til kunnskapsoverføring, noko som vil føre til auka kapasitet til rettleiing, og dessutan raskare sakshandsamingstid. Medan arbeidet med skipinga av direktoratet går føre seg, held Utanriksdepartementet fram med å vidareutvikle fagområdet, herunder sakshandsaming, rettleiing og regelverk. Utanriksdepartementet vil òg intensivere kontakten med likesinna land om korleis dei praktiserer kontroll med kunnskap.

8 Sanksjonar og restriktive tiltak

Sanksjonar er eit ikkje-militært tryggingspolitisk og utanrikspolitisk verkemiddel som inneber at det vert innført økonomiske og diplomatiske restriksjonar som avgrensar handlefridommen til ein stat, ei gruppe og/eller einskildpersonar og verksemder eller andre einingar.

Tradisjonelt har sanksjonar vorte utforma som breie handelsblokadar mot eit land med tilhøyrande diplomatisk isolasjon og våpenembargo. I dag vert sanksjonar i større grad retta mot einskildpersonar eller einingar, som den styrande eliten i eit land eller andre aktørar som er direkte involverte i handlingane det vert reagert mot.

Sanksjonar kan mellom anna innebere at einskildpersonar, verksemder eller andre einingar som vert rekna ansvarlege for handlingane det vert reagerte mot, vert oppførte på ei liste over personar eller einingar underlagt økonomiske frystiltak og/eller reiserestriksjonar. Fryspliktene inneber frys av den listeførte sine midlar og eit forbod mot å stille til rådvelde eller gjere tilgjengeleg pengar eller formuesgode for vedkommande. Reiserestriksjonane inneber at den listeførte skal nektast å reise inn til og gjennom landet.

I tillegg til økonomiske frystiltak og reiserestriksjonar er dei vanlegaste sanksjonstypene i dag våpenembargoar, som m.a. forbyr sal av våpen og fleirbruksvarer, relaterte tenester, og i nokre tilfelle utstyr som kan nyttast til intern undertrykking og overvaking. Vidare vert sekto-

rielle restriksjonar nytta, til dømes særskilde handelsforbod og transportforbod, og dessutan ulike finansielle restriksjonar.

Tryggingsrådet i FN kan med folkerettsleg bindande verknad vedta sanksjonar mot statar, personar eller einingar. I tillegg vedtek Rådet for Den europeiske unionen restriktive tiltak overfor statar, personar eller einingar. Noreg er folkerettsleg plikta til å gjennomføre Tryggingsrådets bindande vedtak, og etter ei konkret vurdering kan Noreg slutte opp om EU-tiltaka. Fleire av sanksjons- og tiltaksregima inneheld føresegner om våpenembargo.

Stortinget vedtok 8. april 2021 lov om gjennomføring av internasjonale sanksjonar. Loven erstattar to tidlegare lover, herunder lov av 7. juni 1968 nr. 4 om gjennomføring av bindande vedtak av Dei sameinte nasjonanes Sikkerhetsråd og lov av 27. april 2001 nr. 14 om iverksetjing av internasjonale, ikkje-militære tiltak i form av avbrot eller avgrensing av økonomisk eller anna samkvem med tredjetatar eller rørsler. Regjeringas fullmakt til å setje i verk sanksjonar og restriktive tiltak vart samla i den nye loven, uavhengig av om det er tale om FN-sanksjonar eller restriktive tiltak frå EU. Loven styrkjer elles rettstryggleiken gjennom innføring av ein forvaltningsrettsleg klagetilgang for dei listeførte og gjev høve til å få utnemnt advokat dersom vedkommande går til søksmål mot staten for å prøve gyldigheita av listeføringa. I tillegg vert bruksområdet utvida for sanksjonslov-gjevinga til å inkludere Svalbard og Jan Mayen. Kongen kan gje forskrift om bruken av loven for dei norske bilanda.

Visse typar tiltak som er omfatta av FN-sanksjonar og/eller EU-tiltak vert gjennomførte med heimel i anna norsk lovgiving. Dette gjeld m.a. reiserestriksjonar som er gjennomførte i utlendingsregelverket, og våpenembargoar som dels er gjennomførte med heimel i eksportkontrollov-gjevinga. Når det gjeld gjennomføringa av våpenembargoar vil varene, teknologien og tenestene som vert omfatta av handelsforbodet i dei fleste tilfelle stå på kontrollista til eksportkontrollforskrifta og vere lisenspliktige. Det er difor berre i ein-skilde av sanksjons- og tiltaksforskriftene at

Boks 8.1 Skilnaden på eksportkontroll og sanksjonar

- Sanksjonar er gjerne midlertidige, eksportkontrollen meir varig.
- To ulike regelverk, men nokre fellestrekk.
- Einskilde landspesifikke forskrifter viser til varelistene i eksportkontrollforskriften.
- Sanksjonar og restriktive tiltak er nemnt særskild i eksportkontrollforskriften § 7 bokstav b («catch all»).

det er innteke uttrykkjelege føresegner om våpenembargoar.

I samband med søknadar om eksport av varer, tenester eller teknologi på varelistene til land underlagd våpenembargo vert det gjeve avslag på søknaden, med mindre det er aktuelt å gjere ein-skilde unntak på humanitært grunnlag, til dømes for eksport av militært verneutstyr til bruk av humanitære aktørar. Vidare følgjer det av eksportkontrollforskrifta § 7 bokstav b, jf. § 3, at det er lisensplikt for alle varer, teknologiar eller tenester til militær bruk til område som er underlagde våpenembargo vedteken av Tryggingrådet i FN, eller som del av andre tiltaksregime Noreg har slutta seg til.

8.1 Særleg om Russland

Forskrift om restriktive tiltak rundt handlingar som undergrev eller truar Ukrainas territoriale integritet, suverenitet, sjølvstende og stabilitet tredde i kraft 15. august 2014. Som følgje av Russlands fullskalainvasjon av Ukraina 24. februar 2022 har EU innført ei rekkje nye og omfattande restriktive tiltak mot Russland. Alle dei restriktive tiltaka er gjennomførte i norsk rett, med nokre få nasjonale tilpassingar. Noreg står saman med EU og andre land for å sikre at sanksjonane treffer sterkt og effektivt, men også for å bidra til størst mogleg føreseielege forhold for næringslivet.

Eit svært stort tal personar og einingar er no listeførte, også fleire finansinstitusjonar. Når det gjeld dei andre finansielle tiltaka, er det mellom anna forbod mot handel med eller investering i finansielle instrument utferda av Russland og den russiske regjeringa eller den russiske sentralbanken, forbod mot transaksjonar med visse stats-eigde verksemdar, og dessutan forbod mot sal av visse omsettelege verdipapir. Ei rekkje russiske bankar er utestengde frå SWIFT. Det er òg forbod mot å få innskott av ein viss storleik frå russiske statsborgarar. Det same gjeld å investere, delta eller på annan måte medverke i prosjekt som vert samfinansierte av det russiske fondet for direkteinvestering. Sal, eksport osv. av pengesettlar i

norske kroner eller ein EU-medlemsstats offisielle valuta til Russland er òg forbode.

På eksportkontrollområdet vert forbodet mot eksport av forsvarsrelaterte varer oppført i Liste I til eksportkontrollforskrifta vidareført. Forbod mot eksport av fleirbruksvarer og teknologi oppført i Liste II til eksportkontrollforskrifta står ved lag. Det er elles innført ei rekkje eksportforbod i dei sektorielle tiltaka i kapittelet til forskrifta 4.

Alle norske verksemdar har ei sjølvstendig plikt til å følgje regelverket. Oversikt over dei til kvar tid gjeldande restriktive tiltaka er tilgjengeleg på www.lovdata.no. Omfanget av restriksjonar for handel med Russland er no så stort at det inneber ein høg risiko. Sjå difor rettleiar for næringslivet på www.regjeringen.no med råd for aktsemdsvurderingar.

8.2 Vidareutvikling av Noreg som partnerland i EU

I samband med lanseringa av EUs tiande pakke av restriktive tiltak mot Russland vart Noreg gjeve status som partnerland innan eksportkontroll og restriktive tiltak, særleg innan fleirbruksvarer og annan sensitiv teknologi. Resten av landa med tilsvarende partnerlandsstatus er USA, Japan, Storbritannia, Sør-Korea, Australia, New Zealand og Canada. Dette styrkjer det allereie tette samarbeidet mellom Noreg og EU om eksportkontroll og restriktive tiltak. Partnerlandsstatusen er ei anerkjenning av Noregs effektive implementering av EUs restriktive tiltak mot Russland.

Partnerlandsstatusen inneber mellom anna informasjonsdeling for å hindre omgåingar av sanksjonane og styrkjer dialogen for å sikre lik etterleving av regelverket. Omgåingar av sanksjonane er straffbart, og det er ønskjeleg å styrkje arbeidet med å unngå omgåingar på tvers av EU- og partnerland. Det er som ledd i dette arbeidet opna for å listeføre juridiske personar som omgår sanksjonane. Dersom norske aktørar omgår sanksjonane, kan dei i verste fall ende opp på ei slik liste.

9 Det internasjonale samarbeidet om eksportkontroll og ikkje-spreiing

Kontroll med eksport av strategiske varer og teknologi er viktig for global tryggleik og stabilitet. Den teknologiske utviklinga og utviklinga i anskaffingsmetodar har ført til at eksportkontroll er eit effektivt verktøy for å hindre spreieing av masseødeleggingsvåpen. Dette arbeidet er høgst relevant i den tryggingpolitiske situasjonen vi står i.

Det internasjonale arbeidet i eksportkontrollregima set hovudrammene for den nasjonale kontrollen med fleirbruksvarer. Internasjonalt samarbeid om eksport av forsvarsmateriell vert også stadig større, sjølv om alle avgjerder er underlagt nasjonalt skjønn.

Nasjonale gjennomføring av eksportkontroll bidreg til å sikre etterleving av folkerettslege avtalar på ikkje-spreiingsområdet. Sentralt står Ikkjespreiingsavtalen for kjernevåpen (NPT), Kjemivåpenkonvensjonen (CWC) og Biologi-våpenkonvensjonen (BTWC). Konvensjonane vert gjennomførte i norsk rett, herunder kontroll med relevante varer og teknologiar forhandla innanfor dei internasjonale eksportkontrollregima i eksportkontrollregelverket sine varelister.

Dei internasjonale eksportkontrollregima komplementerer desse avtalane når det gjeld kontroll med varer og teknologi som kan nyttast i utvikling, produksjon og bruk av masseødeleggingsvåpen og leveringsmidlar til slike våpen.

Eksportkontrollregima sine retningslinjer og varelister vert elles nytta av Tryggingrådet i FN i sanksjonsregima mot m.a. Iran og Nord-Korea, samt i resolusjon 1540 om ikkje-spreiing av masseødeleggingsvåpen. EU baserer seg også på kontrollistene til regima i einskilde forordningar om restriktive tiltak, t.d. mot Russland.

9.1 Eksportkontrollregima

Multilateralt samarbeid er heilt naudsynt i arbeidet med eksportkontroll. Noreg er medlem i alle dei internasjonale regima og har gjennom mange år aktivt bidrege til arbeidet. Noreg arbeider for at regima skal vere relevante og effektive. I dagens

tryggingpolitiske situasjon med stadig meir polarisering er det krevjande å oppnå konsensus innanfor det internasjonale samarbeidet.

Bakgrunnen for samarbeidet i regima er den felles politiske viljen til medlemsstatane til å hindre spreieing av masseødeleggingsvåpen og dessutan å etablere høge standardar for kontrollen med eksport av forsvarsmateriell. Ein føresetnad for medlemskapen er at konsensusvedtaka i regima vert gjennomførte i nasjonal rett og praksis.

Regima identifiserer varer og teknologi som kan nyttast i samband med masseødeleggingsvåpen eller leveringsmidlar for slike våpen. Dei arbeider også for å skape større semje om korleis nasjonal eksportkontroll kan kontrollere eksport av slike strategiske varer. Det går føre seg løpande forhandlingar for å sikre at kontrollistene og retningslinjene til regima held tritt med teknologisk utvikling og spreieingstruslar.

I regima utvekslar medlemslanda informasjon, om til dømes aktuelle spreieingsaktivitetar og avslag på eksportlisenssøknadar. Dette er informasjon det skal takast omsyn til i det nasjonale lisensieringsarbeidet til medlemslanda. Arbeidet innanfor regima vert vareteke av fleire ekspertgrupper gjennom regelmessige møter. Dei rapporterer tilbake dei årlege plenumsmøta som igjen tek avgjerder på basert på konsensus.

Utanriksdepartementet leier arbeidet frå norsk side både i plenumsmøta til regima og i dei ulike arbeidsgruppene. For å sikre gjennomføring av regimepliktene og ein ansvarleg eksportkontroll er det viktig at alle relevante nasjonale styresmakter deltek aktivt i ekspertgruppene. I tillegg til Utanriksdepartementet, gjeld dette først og framst Politiets tryggingsteneste (PST), Toll-etaten og Etterretningstenesta. I tillegg deltek representantar frå Forsvarets forskingsinstitutt og Direktoratet for strålevern og atomtryggleik på relevante ekspertmøte. Informasjonen som vert utveksla innanfor regima er sentral i handsaminga av konkrete lisenssaker, og dessutan i det førebbyggjande arbeidet for å hindre spreieing av varer og teknologi til uønskte militære aktivitetar i utlandet. Dette er viktig for både Noregs og norsk

Boks 9.1 Noreg er medlem i alle dei fire eksportkontrollregima

- Australia Group (AG) som rettar seg mot å hindre spreieing av kjemiske og biologiske våpen.
- Missile Technology Control Regime (MTCR) som omfattar leveringsmidlar for masseødeleggingsvåpen.
- Nuclear Suppliers Group (NSG) som gjeld kjernefysiske våpen.
- Wassenaar Arrangement (WA) som omfattar konvensjonelle våpen, militære varer og sensitiv høgteknologi.

næringsliv og akademias omdømme som ansvarlege partnarar internasjonalt.

Regjeringa legg vekt på at Utanriksdepartementet, PST, Tolletaten og Etterretningstenesta har kompetanse og tilstrekkelege ressursar til å vareta oppgåvene sine. Deltaking i regimearbeidet innanfor den strategiske eksportkontrollen er ein premis for å kunne halde oppe ein effektiv eksportkontroll på nasjonalt plan. I Meld. St. 49 (2012–2013), Meld. St. 8 (2014–2015), Meld. St. 8 (2015–2016) og Meld. St. 5 (2017–2018) vart det gjort grundig greie for arbeidet innanfor dei internasjonale eksportkontrollregima.

9.1.1 Australia Group (AG)

Australia-gruppa (AG) vart etablert etter initiativ frå Australia i 1985. Føremålet er å bidra til å sikre at varer, utstyr og substansar som kan nyttast i utvikling og produksjon av kjemiske og biologiske våpen vert underlagt eksportkontroll. I tillegg til varelistar over utstyr, kjemikalier, toksin og utgangsstoff er det etablert retningslinjer om standardar for eksportkontroll. I 2018 publiserte AG ei særskild erklæring om den store bekymringa i gruppa for at kjemiske våpen igjen er nytta med tilvising til hendingar i Syria, Irak, Storbritannia og Malaysia. Det vart i denne samanhengen semje om å styrkje kontakten og dialogen med land som står utanfor Australia-gruppa.

9.1.2 Missile Technology Control Regime (MTCR)

Regimet vart etablert etter initiativ frå USA i 1982. Aktivitetane gjeld først og framst eksportkontroll

av komplette missilssystem, herunder ballistiske missil og bereraketar for romfart og sonderaketar, samt andre ubemannende luftfarkostar. Inkludert er også kryssarmissil med ei rekkjevidde på 300 kilometer eller meir. Vidare vert komponentar kontrollerte for slike system, og dessutan andre varer som kan nyttast for produksjon av missil eller mindre luftfarkostar for spreieing av aerosolar.

Noreg hadde formannskapet i MTCR i 1992–1993 og deretter i 2014–2015. I tillegg til å leie arbeidet og det årlege plenumsmøtet, held formannskapet ein aktiv dialog med ikkje-medlemmer for å fremje MTCRs arbeid. I 2019 bidrog Noreg som nestleiar i ekspertgruppa for informasjonsutveksling i MTCR.

Noreg var i 2023 vertskap for eit teknisk ekspertmøte (TEM) og for eit teknisk informasjonsmøte for ikkje-medlemmer i Oslo.

9.1.3 Nuclear Suppliers Group (NSG)

NSG spring ut av den såkalla London-gruppa frå 1970-talet. NSG vart etablert i kjølvatnet av ei prøvesprenging utført av eit land som stod utanfor Ikkjespreiingsavtalen i 1974. For å hindre ytterlegare spreieing av kjernevåpen ønskte fleire leverandørland å etablere ein sterkare eksportkontroll enn det som direkte følgde av Ikkjespreiingsavtalens avgrensa formuleringar om eksportkontroll. NSGs arbeid omfattar to kontrollister med tilhøyrande retningslinjer. Del 1 skildrar kjernefysiske varer og del 2 omfattar fleirbruksvarer, dvs. sivile varer som også kan ha viktige militære bruksområde i kjernefysiske aktivitetar. Teknologi knytt til varene på listene er også omfatta av NSG-kontroll.

9.1.4 Wassenaar Arrangement (WA)

Wassenaar-samarbeidet vart etablert i 1996 og erstatta det tidlegare Coordinating Committee on Multilateral Export Controls (CoCom), som vart etablert i 1949 for å hindre at vestleg høgteknologi og våpen vart selt til Sovjetunionen og andre kommuniststatar. CoCom vart nedlagt i 1994.

WA-samarbeidet gjeld kontroll med konvensjonelle våpen, og fleirbruksvarer og teknologi som ikkje vert kontrollerte av dei andre regima. Noreg leidde forhandlingane som førte fram til semje om det politiske basisdokumentet og etableringa av WA i 1993–1995. Noreg har sidan leidd fleire forhandlingsprosessar innanfor WA, m.a. om etablering av kontrollstandardar for formidling av våpen mellom to tredjeland. WA har eit eige sekretariat i Wien der alle møta finn stad.

WA har etablert to lister: ei for våpen og militære varer, og ei for fleirbruksvarer. Teknologi er også omfatta av listene. Det går føre seg eit omfattande teknisk arbeid for å halde listene oppdaterte. I tillegg vert meir prinsipielle og praksis-spørsmål drøfta i ei eiga arbeidsgruppe. Det vert halde eit årleg ekspertmøte for lisensierings- og kontrolllekspertar. Det årlege plenumsrådet tek alle avgjerder basert på konsensus. Formannskapet roterer alfabetisk.

9.1.5 Zanggerkomiteen

Zanggerkomiteen vart etablert i 1974 for å sikre ei mest mogleg einskapleg forståing av Ikkjespreiingsavtalens (NPT) artikkel III.2 om kva som skulle vere underlagt eksportkontroll etter avtalen. Komiteen fastset kva ein siktar til med utstyr og materiale som er konstruert for utvikling av spaltbart materiale. Ansvaret er delvis overlappende med Nuclear Suppliers Group (NSG). Ikkjespreiingsavtalen føreset at eksport av slikt utstyr og materiale til ein ikkje-kjernevåpenstat, til liks med spaltbart materiale, berre kan tilatast når det spaltbare materialet er underlagt IAEA-kontroll. Utstyret og materiala er skildra i Zanggerkomiteens liste. Lista vert jamleg oppdatert. Lista vert ofte omtalt som «trigger-lista» då slike varer utløyser krav om IAEA-tryggleikskontroll.

Formannskapet vert halde på frivillig basis og utan tidsavgrensing. Danmark har leidd Zanggerkomiteen sidan 2015.

9.2 Andre internasjonale avtalar og samarbeid

9.2.1 Våpenhandelsavtalen (ATT)

(7) Med *lisens* siktar ein til løyve frå Utanriksdepartementet til å eksportere nærmare angitte ytingar til ein juridisk eller fysisk person.

(8) Med *overføringslisens* siktar ein til løyve frå nasjonale styresmakter i ein EØS-stat, som gir leverandøren rett til å overføre forsvarsrelaterte varer til ein mottakar i annan EØS-stat.

(9) Med *transitt* siktar ein til transport av varer gjennom norsk tollområde utan omlasting, når avsendar og mottakar er utanfor norsk tollområde.

0 Endra ved forskrift 6 mai 2021 nr. 1501.

Kap. 2. Lisens

§ 3. Lisensplikt

Eksport av visse varer, nærmare angitt teknologi, herunder immaterielle ytingar, tekniske data-pakkar eller produksjonsrettar for varer eller visse tenester krev lisens frå Utanriksdepartementet om ikkje anna følgjer av denne forskrifta. Departementet avgjer i tvilstilfelle om ei yting er lisenspliktig eller ikkje. Lisensplikta gjeld òg ved eksport av varer frå tolllager.

§ 4. Lisensplikt etter varelistar

Eksport av varer og teknologi oppført på liste I og liste II som utgjer vedlegg til denne forskrifta,

krev lisens frå Utanriksdepartementet. Lisensplikta knytt til liste I gjeld òg for materiell som har vore særleg konstruert eller modifisert for militært føremål, uavhengig av noverande tilstand.

0 Endra ved forskrift 9 sep 2014 nr. 1163.

§ 5. Lisensplikt for tenester

Tenester knytt til varer og teknologi oppført på liste I og II og dessutan tenester som for øvrig kan tene til å utvikle eit lands militære evne, som vert ytt i utlandet eller her i landet for bruk i utlandet, krev lisens frå Utanriksdepartementet.

§ 6. Lisensplikt for handel og formidling

Handel, formidling eller annan bistand ved sal av varer og teknologi som vert omfatta av liste I frå eit framandt land til eit anna, krev lisens frå Utanriksdepartementet. Tilsvarsande gjeld ved formidling av varer oppførte i liste II og dessutan tilhøyrande teknologi og tenesteyting der det er kjent eller grunn til å forstå at vara, teknologien eller tenesten er eller kan vere meint, heilt eller delvis, for bruk i samband med utvikling, produksjon, handtering, drift, vedlikehald, lagring, deteksjon, identifikasjon eller spreing av kjemiske, biologiske eller kjernefysiske våpen eller andre kjernefysiske sprenglekamar, og i samband med utvikling, produksjon, vedlikehald eller lagring av missil som kan levere slike våpen.

§ 7. Lisensplikt for andre varer, teknologi og tenester

I tillegg til liste I og II er eksport av følgjande varer, teknologi og tenester lisenspliktige:

- alle varer, teknologiar og tenesteytingar der eksportøren er kjend med eller har grunn til å forstå at vara, teknologien eller tenesten er eller kan vere meint, heilt eller delvis, for bruk i samband med utvikling, produksjon, handtering, drift, vedlikehald, lagring, deteksjon, identifikasjon eller spreing av kjemiske, biologiske eller kjernefysiske sprengement. Tilsvarsande reglar gjeld for eksport av alle varer, teknologiar eller tenester som kan nyttast til utvikling, produksjon, vedlikehald eller lagring av missil som kan levere slike våpen,
- alle varer, teknologiar eller tenester til militær bruk til område som er underlagd våpenembargo vedteke av Tryggingrådet i FN med heimel i FN-pakta kapittel VII eller andre tiltaksregime Noreg har slutta seg til,

- c) alle varer, teknologiar og tenester til militær bruk til område der det er krig, krig truar eller til land der det er borgarkrig.
- d) alle varer, teknologiar og tenester som direkte kan tene til å utvikle ein stats militære evne på ein måte som ikkje er i samsvar med vesentlege norske tryggleiks- og forsvarsinteresser.

§ 8. Unntak frå lisensplikt

Lisensplikta i § 3, jf. § 4 – § 7, gjeld ikkje for:

- a) varer oppførte på Liste II i utanlandsk eige og som vert returnerte til utlandet etter å ha vore mellombels innførte til Noreg i samband med utstilling og demonstrasjon,
- b) redningsutstyr og oljevernutstyr som vert utført i samband med hjelpeaksjonar,
- c) skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som vert utført i samsvar med våpenloven, jf. forskrift 7. mai 2021 nr. 1452 om våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, kapittel 10,
- d) varer som vert utførte til den europeiske romorganisasjonen ESA, eller ein representant for denne, og som er strengt naudsynte for den offisielle verksemda til organisasjonen. Unntaket gjeld berre for leveransar til medlemslanda i ESA,
- e) varer oppførte på liste II som utelukkande er i transitt gjennom Noreg, når avsendar og mottakar er utanfor Noreg. Det same gjeld varer oppført på liste I dersom både avsendar og mottakar er innanfor EØS,
- f) varer, teknologi og tenester til bruk på norsk kontinentalsokkel,
- g) varer, teknologi og tenester til bruk om bord på norskeigde skip under norsk flagg og norskeigde luftfartøy, i utanriksfart,
- h) forsvarsrelaterte varer og fleirbruksvarer som er eigde eller vert disponerte av norsk forsvars- eller politistyresmakt når varene skal nyttast av norske styrkar i utlandet. Unntaket gjeld òg for slike varer når dei inngår i fleirnasjonal logistikkstøtte som nemnde styresmakter har inngått avtale om, eller som vert sende ut for reparasjon, vedlikehald, oppdatering eller liknande, med retur til Noreg. Forsvars- og politistyresmaktene skal kvart år, innan 15. februar, sende rapport til Utanriksdepartementet om all utførsel av forsvarsrelaterte varer som nemnt ovanfor i det førre kalenderåret,
- i) forsvarsrelaterte varer og fleirbruksvarer som er eigde eller vert disponerte av eit NATO-

lands eller ein EØS-stats forsvars- eller politistyresmakt som er lagra i Noreg eller som vert returnert til utlandet etter å ha vore mellombels innført til Noreg i samband med oppdrag, øving eller trening.

0 Endra ved forskrifter 30 juni 2014 nr. 898, 11 mai 2020 nr. 994, 11 mai 2020 nr. 994, 6 mai 2021 nr. 1501, 27 aug 2021 nr. 2674.

Kap 3. Eksport av forsvarsrelaterte varer til mottakarar i EØS

§ 9. Overføringslisens

Overføring av forsvarsrelaterte varer til mottakarar i EØS kan berre skje på grunnlag av ein generell overføringslisens, ein global overføringslisens eller ein individuell overføringslisens utferd av Utanriksdepartementet. Reglane om overføringslisensar gjeld berre forsvarsrelaterte varer oppførte på liste I som utgjer vedlegg til denne forskrifta.

§ 10. Generell overføringslisens

Generelle overføringslisensar for forsvarsrelaterte varer vert kunngjorde av Utanriksdepartementet. Lisensane kan nyttast av leverandørar i Noreg etter førehandsregistrering hos Utanriksdepartementet. Generelle overføringslisensar gjeld bestemte varekategoriar, til ein kategori eller kategoriar av mottakarar i EØS og det kan setjast særlege vilkår for lisensane.

Generelle overføringslisensar kan nyttast dersom:

- a) mottakaren inngår i ein EØS-stats væpna styrkar eller ein offentleg oppdragsgivar på forsvarsområdet som gjennomfører innkjøp som berre skal nyttast av ein EØS-stats væpna styrkar eller,
- b) mottakaren er eit føretak som er sertifisert i samsvar med § 13 eller,
- c) overføringa vert gjord med sikte på demonstrasjon, evaluering eller utstilling eller,
- d) overføringa vert gjord med sikte på vedlikehald eller reparasjon, dersom mottakaren er den opphavlegen leverandøren av dei forsvarsrelaterte varene.

Slike lisensar kan for tilfella c) og d) òg vert nytta ved retur frå Noreg av forsvarsrelaterte varer motteken ved tilsvarsande lisens frå ein annan EØS-stat.

0 Endra ved forskrifter 30 juni 2014 nr. 898, 11 mai 2020 nr. 994.

§ 11. Global overføringslisens

Ved overføring av forsvarsrelaterte varer som ikkje vert omfatta av ein generell overføringslisens, kan Utanriksdepartementet, etter skriftleg søknad frå leverandør i Noreg, utferde ein global overføringslisens. Lisensane vert gitt for ein periode på tre år med moglegheit for forlenging. Globale overføringslisensar gjeld bestemte forsvarsrelaterte varer eller kategoriar av varer til mottakarar eller kategori av mottakarar i ein eller fleire EØS-statek. Det kan setjast særlege vilkår for lisensane.

§ 12. Individuell overføringslisens

Ved overføring av forsvarsrelaterte varer som ikkje vert omfatta av ein generell overføringslisens og ein global overføringslisens ikkje kan innvilgast, kan Utanriksdepartementet, etter skriftleg søknad frå leverandør i Noreg, utferde ein individuell overføringslisens. Lisensen gjeld ei spesifisert mengd forsvarsrelaterte varer til ein mottakar i ein EØS-stat i ein eller fleire sendingar.

Ein individuell overføringslisens skal nyttast dersom:

- søknaden om overføringslisens er avgrensa til ei overføring,
- det er naudsynt for å verne Noregs grunnleggjande tryggingssinteresser, eller av omsyn til den offentlege ordenen,
- det er naudsynt for å overhalde Noregs internasjonale forpliktingar, eller
- det er tungtvegande grunnar til å tru at leverandøren ikkje vil vere i stand til å oppfylle vilkåra for å få ein global overføringslisens.

Kap. 4. Sertifisering av norske føretak som mottakarar i EØS

§ 13. Sertifisering av føretak i Noreg

Utanriksdepartementet kan, etter skriftleg søknad, sertifisere føretak etablert i Noreg for mottak av forsvarsrelaterte varer under generelle overføringslisensar kunngjort av andre EØS-statar.

Utanriksdepartementet skal gjennom sertifiseringa vurdere det mottaksande føretaket pålitelegheit, særleg med omsyn til evna føretaket har til å overhalde eksportavgrensingane for forsvarsrelaterte produkt motteken i samsvar med ein generell overføringslisens frå ein annan EØS-stat. Ved vurderinga vil det særleg leggjast vekt på følgjande kriterium:

- dokumentert erfaring frå forsvarsverksemd, der det særleg vert teke omsyn til historikken i

føretaket med omsyn til overhalding av eksportrestriksjonar, eventuelle rettsavgjerder i denne samanheng, eventuelle løyve til å produsere eller marknadsføre forsvarsrelaterte varer, og om føretaket har erfarent leiarpersonale,

- relevant industriell verksemd i samband med forsvarsrelaterte varer i EØS, særleg evne til system/delsystemintegrasjon,
- særskild utpeiking av ein overordna leiar som skal vere personleg ansvarleg for overføringar og eksport,
- ei skriftleg erklæring frå føretaket, underteikna av den overordna leiaren nemnd i bokstav c), om at føretaket vil setje i verk alle naudsynte tiltak for å overhalde og handheve alle særlege vilkår knytt til sluttbruk og eksport av kvar bestanddel eller kvar vare det har motteke,
- ei skriftleg erklæring frå føretaket, underteikna av den overordna leiaren nemnd i bokstav c), om at det med skikkeleg aktsemd, som svar på oppmodingar og førespurnader frå Utanriksdepartementet, vil skaffe detaljerte opplysningar om sluttbrukarar eller sluttbruk av alle eksporterte varer som er overførte eller motteke i samsvar med ein overføringslisens frå ein annan EØS-stat,
- ei skildring, kontrassegnert av den overordna leiaren nemnd i bokstav c), av det interne programmet for sikring av samsvar med krava eller av leiingssystema i føretaket for overføring eller eksport. I den nemnde skildringa skal det gjevast nærmare opplysningar om dei organisasjonsmessige, menneskelege og tekniske ressursane leiinga rår over i samband med overføringar og eksport, ansvarskjedene i føretaket, internkontrollrutinar, haldningsskapande tiltak og opplæring av personalet, fysiske og tekniske tryggingssordningar, journalføring og sporbarheit av overføringar og eksport.

0 Endra ved forskrift 30 juni 2014 nr. 898.

§ 14. Utferding av sertifikat

Utanriksdepartementet utferdar eit sertifikat til godkjente mottakande føretak i Noreg. Sertifikatet skal innehalde informasjon om utferdande styresmakt, namnet og adressa i føretaket, gyldighetstid og dessutan ei erklæring om at føretaket oppfyller krava til sertifisering. Sertifikatet kan òg innehalde vilkår knytt til innhenting av informasjon som er naudsynt for kontroll av om kriteriia i § 13, 2. ledd er oppfylt og dessutan suspensjon eller tilbakekalling av sertifikatet.

Gyldighetstida av sertifikatet vert fastset av Utanriksdepartementet, men kan ikkje overstige fem år.

Sertifiserte føretak i Noreg vert melde inn til EUs sentrale register som igjen vert publiserte på EU-kommisjonens nettsider.

§ 15. Kontroll med sertifiserte føretak

Utanriksdepartementet vil minst kvart tredje år kontrollere at mottaksande føretak oppfyller krava for sertifisering, jf. § 13, 2. ledd, og dessutan eventuelle vilkår fastsette i sertifikatet, jf. § 14. Dersom det sertifiserte føretaket ikkje lenger oppfyller krava vil Utanriksdepartementet påleggje føretaket å setje i verk tiltak for å sikre oppfylging av samtlige krav og vilkår. Utanriksdepartementet kan òg suspendere eller kalle tilbake sertifiseringa.

Kap 5. Registrering, rapportering og oppfølging

§ 16. Registrering

Leverandøren skal føre eit detaljert og fullstendig register over eksport av forsvarsrelaterte varer oppført på liste I som utgjer vedlegg til denne forskrifta. Registeret skal innehalde dokument med følgjande opplysningar:

- ei skildring av vara og dens referanse til liste I,
- mengd og verdi,
- overføringsdatoar,
- namnet og adressa til leverandøren og mottakaren,
- dersom det er kjent eller påkrevd etter § 24, sluttbruken og sluttbrukaren av vara,
- dokumentasjon på at opplysningar vedrørende eksportavgrensingar er sendt over til mottakaren,
- tolldeklarasjon med ekspedisjons- og løpenummer.

§ 17. Rapportering

Leverandøren skal rapportere til Utanriksdepartementet kvartalsvis, på fastsett skjema, om all eksport og overføring av forsvarsrelaterte varer oppført på liste I.

§ 18. Arkivering

Leverandøren skal oppbevare register og lisensar i minst ti år frå utløpet av det kalenderåret eksporten fann stad. Utanriksdepartementet kan påleggje leverandøren å leggje fram denne dokumentasjonen for kontroll.

§ 19. Informasjon om vilkår

Leverandøren skal informere mottakarane om vilkår for lisensen, herunder avgrensingar i samband med sluttbruk eller reeksport.

§ 20. Oppfølging av eksport

Leverandøren skal sjå til at forsvarsrelaterte varer, fleirbruksvarer, teknologi eller tenester som vert overførte eller eksportert, er i samsvar med innvilga lisens, går til fastsett endemål, ikkje fråvik godkjent skildring eller kvantum angitt i lisensen, og dessutan at eksporten skjer innan den gyldighetstida og på dei særlege vilkåra som er fastsette i lisensen.

§ 21. Kontroll ved eksport

Leverandøren skal ved eksport av lisenspliktige varer og teknologi leggje fram gyldig lisens for tollstyresmakta seinast ved framlegging av tolldeklarasjon.

Kap 6. Generelle føresegner

§ 22. Lisenssøknad

Lisenssøknad skal fremjast skriftleg og på fastsett skjema underteikna av den som har fullmakt til å handle på vegnene til leverandøren. For overføringslisensar gjeld òg særskilde reglar i kap. 3.

Leverandøren skal leggje fram alle opplysningar og dokumentasjon som Utanriksdepartementet finn naudsynt for handsaming av søknaden.

At bindsande avtalar er inngått eller at betaling er motteke vil ikkje kunne leggast til grunn for innvilging av løyve til utførsel. Ved avtalar om eksport av lisenspliktige varer bør det alltid takast atterhald om at søknad om lisens vert innvilga.

0 Endra ved forskrift 6 juni 2017 nr. 740.

§ 23. Vilkår for innvilging av lisens

Utanriksdepartementet kan setje vilkår i tråd med føremålet til lov 18. desember 1987 nr. 93 for innvilging av lisens i medhald av denne forskrifta.

§ 24. Sluttbrukarerklering

Utanriksdepartementet kan krevje at leverandøren legg fram ei sluttbrukarerklering.

§ 25. *Tilbakekalling av lisens*

Lisens gjeve i medhald av denne forskrifta kan kallast tilbake, suspenderast eller avgrensast dersom leverandøren misbruker lisensen eller mislegheld vilkåra i denne. Det same gjeld dersom leverandøren handlar i strid med føresegner gjeve i denne forskrifta. Lisens kan òg kallast tilbake, suspenderast eller avgrensast dersom det kjem fram nye opplysningar eller dei politiske eller faktiske forholda i mottakarstaten eller området vert endra, og dette vesentleg endrar grunnlaget for lisensen. Elles gjeld dei alminnelege reglar om omgjering av enkeltvedtak.

§ 26. *Endring, forlenging og overdraging av lisens*

Leverandøren må søkje Utanriksdepartementet om endring eller forlenging av innvilga lisensar og dessutan for å overdra slike til andre.

§ 27. *Retur av lisens*

Lisensar som ikkje er nytta eller ikkje kan nyttast som føreset, vert returnerte til Utanriksdeparte-

mentet med ei forklaring for årsaka. Det same gjeld om ein innvilga lisens har gått tapt.

Kap 7. Sluttreglar

§ 28. *Iverksetjing*

Forskrifta trer i kraft straks. Frå same tidspunkt vert forskrift 10. januar 1989 nr. 51 til gjennomføring av utførselsreguleringa for strategiske varer, tenester og teknologi oppheva.

Vedlegg I

Liste I – forsvarsrelaterte varer (2024)

0 Endra ved forskrifter 30 juni 2014 nr. 898, 13 feb 2015 nr. 124, 21 des 2016 nr. 1831, 6 juni 2017 nr. 740, 26 jan 2018 nr. 136, 9 april 2019 nr. 494, 9 april 2019 nr. 622, 11 mai 2020 nr. 994, 26 jan 2022 nr. 304, 9 mars 2023 nr. 635, 18 april 2024 nr. 686.

Vedlegg II

Liste II – fleirbruksvarer (2023)

0 Endra ved forskrifter 13 feb 2015 nr. 124, 12 jan 2016 nr. 32, 21 des 2016 nr. 1831, 26 jan 2018 nr. 136, 9 april 2019 nr. 494, 11 mai 2020 nr. 994, 26 jan 2022 nr. 304, 9 mars 2023 nr. 635, 22 jan 2024 nr. 96.

Vedlegg 5

Retningslinjer for Utanriksdepartementets handsaming av søknadar om eksport av forsvarsmateriell, og dessutan teknologi og tenester for militære føremål av 28. februar 1992

Dette er ei uformell omsetjing til nynorsk.

1.1 Bruksområde

Desse retningslinene gjeld Utanriksdepartementets handsaming av søknadar om eksport av forsvarsrelaterte varer, materiell som har vore særleg konstruert eller modifisert for militært føremål, og dessutan teknologi og tenester for militære føremål, jf. lov av 18. desember 1987 nr. 93 om kontroll med eksport av strategiske varer, tenester og teknologi m.v. (eksportkontrollloven) og forskrift av 19. juni 2013 nr 718 om eksport av forsvarsmateriell, fleirbruksvarer, teknologi og tenester (eksportkontrollforskrifta). Retningslinene kan òg nyttast ved eksport av fleirbruksvarer og dessutan tilhøyrande teknologi og tenester til militær sluttbruk. Retningslinene gjeld ikkje for leveransar av ubetydeleg omfang og som ikkje er for militær bruk eller for politibruk.

1.2 Føremål

Føremålet med retningslinene er å utdjupe prosedyrane for og dei kriteria som vert vektlagt ved Utanriksdepartementets handsaming av søknadar som skildra i punkt 1.1.

1.3 Høve til fråviking

Departementet kan fråvike retningslinene i einskildsaker der særlege omsyn gjer seg gjeldande.

2. Overordna prinsipp og vurderingskriterium

2.1 Grunnlag for vurderinga

Utgangspunktet for vurderinga av søknadar som skildra i 1.1 er Regjeringas erklæring av 11. mars

1959 og Stortingets vedtak av same dato saman med Stortingets samrøystes presisering i 1997, jf. 2.2. Regjeringa reknar Stortingets vedtak som eit bindsande pålegg, og eksportreguleringa skal sikre at det vert følgt.

EUs felles haldning om våpeneksport (2008/944/CSFP) artikkel 2 og FN-avtalen om handel med konvensjonelle våpen (ATT) av 3. april 2013 artikkel 6 og 7, jf. vedlegg A og B, dannar òg grunnlag for vurdering av slike søknadar.

2.2 Regjeringas erklæring, Stortingets vedtak og Stortingets presisering

a) Regjeringas erklæring av 1959

Det skal ved avgjerda leggjast vekt på dei utanriks- og innanrikspolitiske vurderingane, og hovudsynspunktet bør vere at Noreg ikkje vil tillate sal av våpen og ammunisjon til område der det er krig eller krig truar, eller til land der det er borgarkrig.

b) Stortingets vedtak av 1959

Stortinget tek til etterretning den erklæringa Statsministeren på vegne av Regjeringa har lagt fram. Stortinget vil sterkt understreke at eksport av våpen og ammunisjon frå Noreg berre må skje etter ei omhyggjeleg vurdering av dei utan- og innanrikspolitiske forhold i vedkommande område. Denne vurderinga må etter Stortingets meining vere avgjerande for om eksport skal gå føre seg.

c) Stortingets presisering av 1997

Utanriksdepartementets vurdering av desse forholda omfattar ei vurdering av ei rekkje politiske spørsmål, herunder spørsmålet knytt til demokratiske rettar og respekt for grunnleggjande menneskerettar.

2.3 Særlege avslagsgrunnlag

I tillegg til prinsippa som følgjer av Regjeringas erklæring og Stortingets vedtak, skal søknadar som skildra i 1.1 avslåast med grunnlag i vedlegg A (Kriterium 1–4) og vedlegg B (artikkel 6–7) dersom:

- a) dette strir mot Noregs internasjonale plikter (jf K1, og ATT artikkel 6),
- b) det openbert er fare for at den militære teknologien eller det militære utstyret som skal eksporterast kan verta nytta til intern undertrykking, til å krenkje grunnleggjande menneskerettar eller til å gjere seg skuldig i alvorlege brot på internasjonal humanitærrett (jf. K2, og ATT artikkel 7),
- c) eksport kan provosere fram eller forlengje væpna konfliktrar eller forverre eksisterande motsetnader eller konfliktrar i den endelegen føresegnstaten (jf K3),
- d) det er openbar fare for at den påtenkte mottakaren vil nytte den militære teknologien eller det militære utstyret som skal eksporterast, til å angripe ein annan stat eller tvinge gjennom territorialkrav med makt (jf K4),
- e) det ligg føre kunnskap om at det militære utstyret vil kunne nyttast til å gjere seg skuldig i folkemord, brotsverk mot menneskeslekta eller krigsbrottsverk (jf ATT artikkel 6),
- f) det er sannsynsovervekt for at det militære utstyret vil innebere brot på internasjonale reglar om terrorisme og reglar om transnasjonal organisert kriminalitet (jf ATT artikkel 7).

2.4 Særlege vurderingskriterium

I tillegg til prinsippa som følgjer av Regjeringas erklæring og Stortingets vedtak, skal det ved vurdering av søknadar som skildra i 1.1 med grunnlag i vedlegg A (Kriterium 5–8) og vedlegg B (artikkel 7) særleg vert omsyn teke til:

- g) den nasjonale tryggleiken i Noreg, allierte og venlegsinna land (jf K5),
- h) åtferda i kjøparlandet overfor verdssamfunnet, særleg med omsyn til haldninga landet har til terrorisme, kva alliansar det har inngått, og respekten for folkeretten (jf K6),
- i) risiko for at den militære teknologien eller det militære utstyret skal verta ulovleg omset i kjøparlandet eller reeksportert på ugunstige vilkår (jf K7),
- j) samsvarsandeheten mellom eksporten av militær teknologi og militært utstyr og den økono-

miske og tekniske evna i mottakarlandet, samstundes som det vert teke omsyn til at det er ønskjeleg at statek kan dekkje sine legitime tryggleiks og forsvarsbehov med minst mogleg innsats av menneskelege og økonomiske ressursar til våpen (jf K8),

- k) risikoen for at våpeneksporten kan nyttast til å gjennomføre alvorleg kjønnsbasert vald eller vald mot kvinner og barn (jf ATT artikkel 7).

3. Varekategoriar og landgrupper

3.1 Varekategoriar

Ved handsaming av søknadar vert følgjande varekategoriar nytta:

a) Varekategori A:

Kategorien omfattar våpen, ammunisjon og visse typar militært materiell. I tillegg vert anna materiell med strategisk kapasitet som vesentleg kan påverke dei militære styrkeforholda ut over nærområdet omfatta.

b) Varekategori B:

Kategorien omfattar resterande forsvarsrelaterte varer som ikkje har eigenskapar eller bruksområde som definert for varekategori A.

3.2 Landgrupper

Ved handsaming av søknadar vert følgjande landgrupper nytta:

- a) *Landgruppe 1* består av dei nordiske landa og medlemslanda i NATO, og dessutan einskilde særskild nærstående land.
- b) *Landgruppe 2* består av andre land enn dei som vert omfatta av gruppe 1 og som er godkjent etter regjeringshandsaming som mottakarar av varer i kategori A.
- c) *Landgruppe 3* består av land utanfor gruppe 1 og 2 og som Noreg ikkje sel våpen og ammunisjon som definert som varekategori A til, men som etter vurdering kan få anna materiell som definert som varekategori B.
- d) *Landgruppe 4* er land som Noreg ikkje sel A- eller B-materiell til fordi dei er i eit område der det er krig eller krig truar, land der det er borgarkrig eller land der ei omhyggjeleg vurdering av dei utan- og innanrikspolitiske forhold i vedkommande område tilseier at eksport av våpen og militært materiell ikkje bør gå føre seg, eller land som er omfatta av bindsande sanksjonar vedtekne av FNs Sikkerhetsråd eller andre tiltaksregime som Noreg har slutta seg til.

4. Eksport av varer med sjølvstendig funksjon

4.1 Endeleg mottakarland

Ved eksport av varer med sjølvstendig funksjon skal søknaden alltid vurderast ut frå endeleg mottakarland uavhengig av om eksport skjer direkte eller via tredjeland.

4.2 Varekategori A

Ved eksport av varer med sjølvstendig funksjon i varekategori A vert følgjande kriterium lagt til grunn:

- a) Eksport av varer i kategori A kan ikkje gå føre seg til andre sluttbrukarar enn statlege styresmakter. Eksport av jakt og konkurransevåpen kan likevel gå føre seg til styresmakts-godkjente mottakarar i mottakarstaten.
- b) Eksport av varer i kategori A vil normalt til-latast når kunden er, eller opptre på vegner av, forsvarsstyresmakter i land i gruppe 1, såframt dokumentasjon som godtgjer dette ligg føre.
- c) Eksport av varer i kategori A til land utanfor gruppe 1 vil krevje regjeringshandsaming. Land som vert godkjent som mottakarar av varer i kategori A etter regjeringshandsaming, utgjer gruppe 2. Innvilging av lisens i slike til-felle føreset framlegging av styresmaktsstad-festa sluttbrukarerklæring med reeksport-klausul, dvs. erklæring som fastslår at reek-sport ikkje må gå føre seg utan norske styres-makters godkjenning.

4.3 Varekategori B

For eksport av varer i kategori B vil det normalt kunne tilståast lisens for land i gruppe 1, 2 og 3 såframt tilfredsstillande dokumentasjon på sluttbruk og sluttbrukar er lagt fram.

4.4 Landsgruppe 4

Eksport av kategori A og kategori B-produkt kan ikkje gå føre seg til land i gruppe 4, med mindre særlege omsyn gjer seg gjeldsande.

5. Eksport av materiell opphavleg konstruert eller modifisert for militært føremål

5.1 Materiell utan militær bruksverdi

Ved eksport av materiell opphavleg konstruert eller modifisert for militært føremål, men som vert vurdert å ikkje lenger ha nokon militær

bruksverdi, kan lisens innvilgast til mottakarar i landsgruppene 1, 2 og 3, såframt tilfredsstillande dokumentasjon på sluttbruk og sluttbrukar er lagt fram.

6. Eksport av deler (delleveransar)

6.1 Definisjon

Med delleveransar siktar ein til leveransar av varer som ikkje har nokon sjølvstendig funksjon.

6.2 Delleveranse under samarbeidsavtalar

Ved delleveransar under samarbeidsavtalar med verksemdar eller styresmakter i andre land, skal eksportlisens gjevast når avtalen er godkjent av norske styresmakter. Samarbeidsavtalar med land og verksemdar i landsgruppe 1 bør normalt verta godkjende, såframt dei norske delane, delsystema eller komponentane vert samordna med delar frå andre leveringskjelder, og at det ferdige produktet ikkje framstår som norsk. Ein kan i desse tilfella avstå frå dokumentasjon for sluttbruk av det ferdige produktet.

6.3 Andre delleveransar

- a) Ved delleveransar til prosjekt som ikkje er styresmaktsgodkjente, og der leveransen er basert på marknadstilgjengeleg teknologi og produktskildringa til kunden, skal lisens vanlegvis innvilgast til dei landa som ikkje tilhøyrer gruppe 4, dersom det ferdige produktet ikkje framstår som norsk. Ein kan i desse tilfella avstå frå dokumentasjon for sluttbruk.
- b) Søknad om eksportlisens for delleveransar av annan type enn nemnt i 6.2 og 6.3 a) skal hand-samast på same måte som ved eksport av slutt-produktet.

7. Eksport av teknologi, herunder m.a. produksjonsrettar og tekniske data

7.1 Definisjon

Med teknologi siktar ein her til innsikt som er avgjerande for å utvikle, produsere, halde ved like eller bruke ei vare.

7.2 Produksjonsrettar

Søknad om overføring av produksjonsrettar skal handsamast med sikte på å sikre at overføringa ikkje har som føremål å omgå norsk eksportregulering.

7.3 Eksport av teknologi under godkjente samarbeidsavtalar

Ved eksport av teknologi som inngår i samarbeidsavtalar med verksemdar eller styresmakter i andre land, skal lisens innvilgast såframt avtalen er godkjent av norske styresmakter.

7.4 Eksport av teknologi utanfor godkjente samarbeidsavtalar

a) Generelt

Ved handsaminga av søknadar om eksport som ikkje er ledd i styresmaktsgodkjent samarbeid, skal det klargjerast kva kategori det ferdige produktet vil tilhøyre.

b) Produksjonsrettar i varekategori A

Ved eksport av produksjonsrettar for ei vare i kategori A, kan løyve berre gjevast for overføring til land i gruppene 1 og 2 og etter tilsvarende prinsipp som elles gjeld for eksport av varer under denne kategorien.

Som vilkår for løyvet skal den norske seljaren av produksjonsrettane påleggjast å innarbeide i atterhalda i kontrakten at eventuell overføring eller reeksport av produksjonsrettar til ein tredjepart må leggjast fram for norske styresmakter for godkjenning. Søknad om slik sublisensiering skal handsamast på same måte som overføring av produksjonsrettane direkte frå Noreg.

c) Produksjonsrettar i varekategori B

For overføring av produksjonsrettar til varer i kategori B skal lisens normalt innvilgast for land i gruppene 1, 2 og 3. Utanriksdepartementets krav til dokumentasjon og kontraktsvilkår vil i desse tilfella bunne i ei konkret vurdering der m.a. eigenskapane til produktet, produksjonslandets eigen eksportpolitikk, den interne situasjonen i landet og risikoen ved eventuell eksport til uønskte mottakarar, vert tekne i betraktning.

d) Anna teknologioverføring

Ved andre typar teknologioverføringar kan det ikkje oppstillast detaljerte retningslinjer. Vurderinga av eksportsøknaden avheng av i kva grad teknologioverføringa knyter seg til eit produkts militære funksjon. Jo meir dette er tilfelle, di meir skal vurderinga av ein søknad basere seg på retningslinene for eksport av ferdigproduktet i tilsvarende varekategori.

8. Tenester

8.1 Generelle

Tenester kan vere knytt til utvikling, produksjon, vedlikehald og bruk av eit produkt, men treng ikkje vere knytt til noko produkt for å vere omfatta av lisensplikt etter forskriftenes §§ 3, 5 og 7. Militær planlegging vil òg vere omfatta.

8.2 Tenester knytt til forsvarsrelaterte varer

Tenester som er knytt til forsvarsrelaterte varer, og som utgjer ein vesentleg føresetnad for vara si utvikling, produksjon, vedlikehald eller bruk, følgjer dei same retningslinene som ved eksportlisens for sjølve produktet.

8.3 Andre tenester

Tenester som ikkje er konkret knytt til ei vare, men som vedrører militær planlegging, bør tillatast til land i gruppene 1 og 2 og nektast til land i gruppe 4. Innvilging til land i gruppe 3 må vurderast konkret med utgangspunkt i tenestens antekne militære og moglege politiske verknad.

9. Samarbeids- og utviklingsprosjekt

9.1 Prosjekt godkjente av norske forsvarsstyresmakter

Eksport av varer, tenester og teknologi til land Noreg har samarbeidsavtalar med skal tillatast dersom leveransen finn stad under eit prosjekt som er godkjent av norske forsvarsstyresmakter med det hovudsiktemålet å vareta samarbeidslanda sine egne forsvarsbehov. Dersom det ferdige produktet ikkje framstår som norsk, kan det reeksporterast etter eksportkontrollreglane i samarbeidslandet.

9.2 Produkt med fleirnasjonal identitet

Ved samarbeidsprosjekt som er av ein slik art at det ferdige produktet framstår med fleirnasjonal identitet, kan eksportkontrollreglane i produksjonslandet leggjast til grunn ved eksport til tredjeland. I samband med godkjenninga av samarbeidsprosjektet skal eksportvilkåra for det ferdige produktet til tredjeland avtalast mellom styresmaktene i samarbeidslanda.

10. Prosedyrereglar

10.1 Sakshandsamingstid

Søknadar som vert omfatta av retningslinene, bør vere ferdighandsama av Utanriksdepartementet

seinast innan 12 veker når det gjeld kategori A-produkt og seinast innan 6 veker for andre søknadar.

10.2 Foreleggelse for Regjeringa

Dersom søknaden om eksport rører ved viktige forsvarsspørsmål eller materiellsamarbeid med andre land, eller næringsinteresser, skal den leggjast fram for Regjeringa på eigna måte.

10.3 Tekniske sakkunnige

Ved vurdering av tekniske sider og bruksområde for produkt, teknologi, datapakke eller teneste vert Forsvarsdepartementet ved Forsvarets forskingsinstitutt konsultert om naudsynt.

Vedlegg A¹

Kriterium 1

Respekt for dei internasjonale pliktene til medlemsstatane, særleg sanksjonar som er vedtekte av Tryggingrådet i FN eller av Den europeiske unionen, avtalar om ikkje-spreiing og andre emner og dessutan andre internasjonale plikter.

Eksportlisens skal ikkje utferdast dersom dette strir mot mellom anna:

- dei internasjonale pliktene til medlemsstatane og deira plikt til å overhalde våpenblokade innført av Dei sameinte nasjonane (FN), Den europeiske unionen (EU) og Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE),
- pliktene til medlemsstatane etter avtalen om ikkje-spreiing av kjernefysiske våpen, konvensjonen om biologiske våpen og toksinvåpen og konvensjonen om kjemiske våpen,
- pliktene til medlemsstatane til å avstå frå å eksportere alle former for antipersonellminer.
- pliktene til medlemsstatane innanfor ramma av Australiagruppen, kontrollregimet for rakettvåpenteknologi, Zangger-komiteen, gruppa av leverandørar av kjernefysisk materiale, Wassenaarsamarbeidet og Haag-åtferdskodeksen mot spreiding av ballistiske rakettar (HCoC).

Kriterium 2

Respekt for menneskerettane og internasjonal humanitærrett i endemålstaten

Medlemsstatane skal vurdere haldningane mottakarstaten har til relevante prinsipp som er

nedfelt i internasjonale menneskerettsinstrument, og skal deretter:

- avstå frå å utferde eksportlisens når det openbert er fare for at den militære teknologien eller det militære utstyret som skal eksportert, kan nyttast til intern undertrykking,
- i kvart einskild tilfelle utøve særleg varsemd og ta omsyn til kva type militær teknologi eller militært utstyr det gjeld, når dei utferdar lisens til land der kompetente organ i FN, Europarådet eller EU har konstatert alvorlege brot på menneskerettane.

Teknologi eller utstyr som kan nyttast til intern undertrykking, skal i denne samanheng omfatte mellom anna slik teknologi eller slikt utstyr, eller tilsvarsande teknologi eller utstyr, som det er godtgjort at den påtenkte sluttbrukaren har nytta til intern undertrykking, eller teknologi eller utstyr som det er grunn til å tru vil nyttast til andre føremål eller vidarelevert til ein annan sluttbrukar enn angitt, og verta nytta til intern undertrykking. I tråd med artikkel 1 i denne felles haldninga skal det vurderast nøye kva type teknologi eller utstyr det dreier seg om, særleg om teknologien eller utstyret er meint for nasjonale tryggingføremål. Intern undertrykking omfattar mellom anna tortur og annan forferdeleg, umenneskeleg eller nedverdiggande handsaming eller straff, summariske eller vilkårlege avrettingar, forsvinningar, vilkårleg fridomsfråtaking og andre alvorlege brot på menneskerettane og dei grunnleggjande fridommene, som angitt i relevante internasjonale menneskerettsinstrument, herunder Verdserklæringa om menneskerettane og den internasjonale konvensjonen om sivile og politiske rettar.

Medlemsstatane skal vurdere haldningane mottakarstaten har til relevante prinsipp som er nedfelt i internasjonale humanitærrettsinstrument, og skal deretter:

- avstå frå å utferde eksportlisens når det openbert er fare for at den militære teknologien eller det militære utstyret som skal eksportert, kan nyttast til å gjere seg skuldig i alvorlege brot på internasjonal humanitærrett.

Kriterium 3

Den innanrikspolitiske situasjonen i endemålstaten som følgje av eksisterande motsetningar eller væpna konflikhtar

Medlemsstatane skal avstå frå å utferde eksportlisens som vil kunne framprovosere eller forlengje væpna konflikhtar eller forverre eksiste-

¹ Tatt inn ved endring av retningslinjene 20.mai 2009

rande motsetnadar eller konflikhtar i endemålstaten.

Kriterium 4

Bevaring av regional fred, tryggleik og stabilitet

Medlemsstatane skal avstå frå å utferde eksportlisens når det openbert er fare for at den påtenkte mottakaren vil nytte den militære teknologien eller det militære utstyret som skal eksporterast, til å angripe ein annan stat eller til å tvinge gjennom territorialkrav med makt.

Ved vurderinga av denne risikoen skal medlemsstatane ta omsyn til mellom anna følgjande:

- a) om det går føre seg, eller om det er sannsynleg at det kan oppstå, ein væpna konflikt mellom mottakarstaten og eit anna land,
- b) om det ligg territorialkrav føre mot eit naboland som mottakarstaten tidlegare har prøvd eller trua med å tvinge gjennom med makt,
- c) om det er sannsynleg at den militære teknologien eller det militære utstyret vil nyttast til andre føremål enn legitime nasjonale tryggleiks- og forsvarsoppgåver i mottakarstaten,
- d) at det er naudsynt å unngå å påverke den regionale stabiliteten negativt i vesentleg grad.

Kriterium 5

Den nasjonale tryggleiken i medlemsstatane og i territorium der dei eksterne sambanda er ein medlemsstats ansvar, og dessutan den nasjonale tryggleiken i venlegsinna og allierte land

Medlemsstatane skal ta omsyn til:

- a) kva verknad den militære teknologien eller det militære utstyret som skal eksporterast, kan ha på deira eigne, på andre medlemsstatars og på venlegsinna og allierte lands forsvars- og tryggingssinteresser, samstundes som dei erkjenner at dette forholdet ikkje må røre ved omsynet til kriteriet om respekt for menneskerettane eller kriteriet om regional fred, tryggleik og stabilitet,
- b) risikoen for at den militære teknologien eller det militære utstyret som skal eksporterast, kan verta nytta mot deira eigne eller andre medlemsstatars styrkar og mot styrkane til venlegsinna og allierte land.

Kriterium 6

Kjøparlandet si åtferd overfor verdssamfunnet, særleg med omsyn til haldninga landet har til terro-

risme, kva alliansar det har inngått, og respekten for folkeretten

Medlemsstatane skal ta omsyn til mellom anna historikken i kjøparlandet når det gjeld:

- a) støtte eller oppmoding til terrorisme og internasjonal organisert kriminalitet.
- b) overhalding av internasjonale plikter, særleg om å avstå frå maktbruk, og av internasjonal humanitærrett.
- c) plikter om ikkje-spreiing og andre former for rustningskontroll og nedrusting, særleg med omsyn til underteikning, ratifisering og gjennomføring av relevante konvensjonar om rustningskontroll og nedrusting nemnd i kriterium 1 bokstav b).

Kriterium 7

Risiko for at den militære teknologien eller det militære utstyret skal verta ulovleg omsett i kjøparlandet eller reeksportert på ugunstige vilkår

Ved vurderinga av kva verknad den militære teknologien eller det militære utstyret som skal eksporterast, kan ha på mottakarstaten, og av risikoen for at teknologien eller utstyret kan verta vidarelevert til ein uønskt sluttbrukar eller nyttast til eit uønskt føremål, skal det takast omsyn til følgjande:

- a) mottakarstatens legitime forsvars- og tryggingssinteresser, også knytte til eventuell deltaking i FN og andre fredsbevarande operasjonar,
- b) den tekniske evna mottakarstaten har til å bruke teknologien eller utstyret,
- c) evna mottakarstaten har til å gjennomføre effektiv eksportkontroll,
- d) risikoen for at teknologien eller utstyret vil verta reeksportert til uønskete endemål, og historikken til mottakarstaten med omsyn til å overhalde reglar om reeksport eller innhente samtykke før reeksport som den eksporteranden medlemsstaten finn det naudsynt å påleggje,
- e) risikoen for at teknologien eller utstyret skal verta vidaresend til terrororganisasjonar eller frittstående terroristar,
- f) risikoen for teknologierving gjennom ulovleg kopiering av produkt («reverse engineering») eller utilsikta teknologioverføring.

Kriterium 8

Samsvar mellom eksporten av militær teknologi eller militært utstyr og den økonomiske og tekniske evna i mottakarlandet, samstundes som det vert

teke omsyn til at det er ønskjeleg at statar kan dekkje sine legitime tryggleiks- og forsvarsbehov med minst mogleg innsats av menneskelege og økonomiske ressursar til våpen


Medlemsstatane skal på bakgrunn av opplysningar frå relevante kjelder, som rapportar frå FNs utviklingsprogram (UNDP), Verdsbanken, Det internasjonale valutafondet (IMF) og Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD), vurdere om den planlagte eksporten i monaleg grad vil hindre ei berekraftig utvikling i mottakarstaten. Dei skal i denne samanheng vurdere den forholdsmessige storleiken på dei militære og sosiale utgiftene til mottakarstaten, i det dei tek omsyn òg til eventuell bilateral bistand eller bistand frå EU.

Vedlegg B – ATT artikkel 6 og artikkel 7

Artikkel 6 omfattar overføringar som er forbodne under avtalen. Dette omfattar overføringar som medfører brot på sanksjonar vedtekne av Tryggingrådet i FN, medrekna våpenembargoar,

resterande traktatplikter hjå statane og dessutan overføringar av våpen som eksportørstaten har kunnskap om at vil kunne nyttast til å gjere seg skuldig i folkemord, brotsverk mot menneskeslekta eller krigsbrotsverk. Artikkel 6 inneber òg at våpen, ammunisjon og delar og komponentar som vert eksporterte, skal tilfredsstillе krava som vert stilte til krigføringsmidlar i den humanitære folkeretten.

Artikkel 7 omhandlar vilkår og kriterium for eksport av våpen og varer under avtalen. Kriteria er knytte til ei førehandvurdering av moglege konsekvensar for fred og tryggleik og risiko for brot på internasjonale menneskerettar, internasjonal humanitærrett, internasjonale reglar om terrorisme og reglar om transnasjonal organisert kriminalitet. Viss det er *sannsynsovervekt* at slike negative konsekvensar kan inntreffe, skal eksportløyve ikkje gjevast. Eksportørstaten skal ta omsyn til risikoen for at våpeneksporten kan nyttast til å gjennomføre alvorleg kjønnsbasert vald eller vald mot kvinner og barn i deira førehandvurdering.



Bestilling av publikasjoner

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa
publikasjoner.dep.no
Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på
www.regjeringen.no

Forsidebilde: da-kuk, iStockphoto

Trykk: Tryggings- og serviceorganisasjonen til
departementa – 06/2024

